



Per Helge Nord
 Monrad Mjeldes vei 42
 5161 LAKSEVÅG

Referanser:
 Dykkar:
 Vår: 20/16290 - 21/30107

Saksbehandlar:
 Madeleine Fønnes Aase
 madeleine.fønnes.aase@alver.kommune.n
 o

Dato:
 04.05.2021

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 350/3 Øpso

Tiltak: dispensasjon frå strandsona og planføre mål i sjøen for utviding av bryggje
Byggjestad: Gbnr: 350/3
Tiltakshavar: Per Helge Nord

Saka vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 21.04.2021, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 066/21 Vedtak:

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 20/16290, datert 07.01.2021 vert oppheva. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommunedelplanen for Meland for forlenging av brygge/kai på gbnr 350/3 på Øpso.

Grunngjevinga for vedtaket om dispensasjon etter § 19-2 i plan- og bygningslova er at ein dispensasjon på denne konkrete staden ikkje vesentleg vil setja til side omsynet bak byggjeforbodet i fleirbrukskategorien i sjø (natur, friluftsliv, ferdsle og fiske), eller omsynet bak føresegn 1.6.7 i kommunedelplanen som handlar om forbod om å byggja utanfor byggegrense mot sjø, jf § 1-8 i pbl, (som på denne staden er samanfallande med føremålsgransa for naustområdet).

Omsyna bak byggjeforbodet i fleirbrukskategorien i sjø (NFFF) er å ivareta natur, fiske, friluftsliv og ferdselsinteresser i sjø, slik at desse arealinteressene ikkje vert forringa eller får redusert kvalitet. Desse omsyna vert etter utvalet si vurdering ikkje vesentleg sett til side ved at det vert gjeve dispensasjon for omsøkt forlegning av eksisterande bryggje.

Det vert vist til at Øpso er ei øy utan vegtilkomst til fastlandet, og det ikkje er interne vegar på øya. Den eine brukaren som er medeigar i bryggja bur fast på øya med sin familie, og er heilt avhengig av

båt for å koma til land på øya med folk og varer. Bustadhuset til denne og dei to hyttene som nyttar bryggja ligg ca. 200 meter i gangavstand frå bryggja.

Utval for areal, plan og miljø samt meiner vidare at det ligg føre ei overvekt av fordeler i høve til ulemper knytt til tiltaket med følgjande grunngeving:

Ulempene er som følgjer:

· Det er ei ulempe at det vert gjeve dispensasjon, då byggeforbodet i fleirbruksområde i sjø og bygging i strandsona utanfor byggjegrensa i utgangspunktet vert praktisert strengt.

Fordelane er som følgjer:

· Omsøkt plassering vil ikkje medføra ulemper for ålmenne interesser knytt til miljø, friluftsliv, kulturminne, eller forringa kvaliteten til miljøet i vågen på staden, jf. dei omsyn fleirbruksområde i sjø og byggjeforbodet i strandsona er meint å ivareta.

· Forlenginga av bryggja er berre på 5 meter, og dette vil i svært liten grad påverke landskapet i vågen og/eller miljøet i strandsona i denne.

· Tilfloten til omkringliggjande eigedomar/ bryggjer vert ivareteke på ein god måte, sidan avstanden mellom enden på omsøkt forlengta bryggje og land på motsett side av Øpsevågen er på ca. 15 meter.

· Forlenginga av bryggja på 5 meter vil sikre at tilkomsten til den fastbuande familien, som driv både med landbruk (villsau med meir) , reiseliv og pedagogiske tilbod på øya vert forbetra vesentleg når det er lågvatn (fjøre sjø). Det er difor knytt landbruksmessige interesser til tiltaket.

· Vågen er svært langgrunn og det er umogeleg/ svært vanskeleg å koma til med varetransport når ein ikkje kjem inn til eksisterande bryggje med båt ved lågvatn. Forlenginga vil sikre at det vert minst 50 cm dybde ved lågvatn ytterst, og at den fastbuande familien kan få forbetra tilkomsten over bryggja heile døgnet uavhengig av flo/fjøre. Det siste vil sikre at tryggleiken til bebuarane vert styrka, ved at dei slepp å leita etter alternative stadar å gå i land/i båt når dei ikkje kjem inn til noverande bryggje. Tilkomsten vert meir pårekeleg og det vert mindre stress og tunge løft for brukarane som bur og oppheld seg på øya.

· Alternativet med å mudre ut vågen utanfor eksisterande bryggje vil føra til større ulemper for natur/ miljøet og livet i vågen, og vil også føra til større kostnader.

· Andre steinbryggjer i Øpsevågen har også vorte forlengta med trebryggjer, for å gå klar av fjøre sjø. Den arkitektoniske stilen vil vere den same og omsøkt forlenging vil halde ei linje ut i Øpsevågen, som står godt i høve til dei eksisterande bryggjene elles i Øpsevågen.

· Eit stort fellesanlegg/ flytebryggje på ny stad inne i Øpsevågen vil ikkje harmonera med den tradisjonelle byggjeskikken. Omsøkt funksjonell forlenging vil vera i samsvar med byggjeskikken i vågen og styrke kulturmiljøet, ved at dette vert brukt og vedlikehalde i framtida.

Utval for areal, plan og miljø vurderer difor at fordelane er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Begge vilkåra for å kunna gje dispensasjon frå byggjeforbodet utanfor byggjegrensa mot sjø og dispensasjon i fleirbruksområde i sjø i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 er difor oppfølgd.

Utval for areal, plan og miljø viser til at det etter pbl § 19-2 første ledd, så kan det setjast vilkår for dispensasjonen. I dette tilfellet meiner utvalet at det både er rett å gje dispensasjon, og rett å gje dispensasjon utan vilkår.

Dersom stadsforvalter vurderer å klage på tiltaket, så ber utvalget om at det vert halde felles synfaring på staden.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Vedtaket vert sendt til Statsforvalteren i Vestland til klagevurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for forlenging av brygge - gbnr 350/3 Øpso

Mottakarar:

Ole Henrik Nord
Per Helge Nord

Ospeholtet 27 A
Monrad Mjeldes vei 42

5724
5161

STANGHELLE
LAKSEVÅG